

**Budsjett 2023**  
**Økonomiplan 23-26**



## Innholdsliste

Innleiing.....	3
Oppvekst.....	3
Helse og velferd.....	4
Kultur/Samfunnsutvikling.....	5
Kommunal vikarsentral.....	5
Politisk møteverksemd.....	5
Kyrkjeleg fellesråd.....	6
Eigedomsskatt.....	6
Investeringar.....	7
Økonomiplan 2023 - 2026.....	8
Budsjettet i tall.....	9
Verbalforslag.....	10

## Innleiing

Dette budsjettforslaget byggjer på kommunedirektøren sitt budsjett, og alle tall er endringar i forhold til det budsjettet.

### Viktige satsingar i SV sitt budsjett:

- **Fleire lærarar i skulane**
- **Styrke tidleg innsats**
- **Nei til sosialstønad som lån**
- **Meir pengar til oppvekst**
- **Meir pengar til helse og velferd**
- **Meir pengar til kultur**

Kommunen er i ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon og det er ikkje rom for dei store satsingane. Samtidig er den viktigaste oppgåva til kommunen å sørge for gode tenester til innbyggjarane. Vi har derfor auka overføringane til sektorane slik at dei kan oppretthalde gode tenester, samtidig som vi har fått budsjettet i balanse utan bruk av fond innan utgangen av planperioden.

Budsjettframlegget til kommunedirektøren legg opp til store kutt i tenestene, frå eit allereie lågt nivå. Dette meiner SV er uakseptable grep som vil få store kostnader, både menneskelege og økonomiske. Vårt alternative budsjett inneheld derfor tvert imot ei styrking av dei fleste tenesteområda.

## Oppvekst

I kommunedirektøren sitt budsjettforslag ligg det kraftige kutt innan oppvekst på kring 30 millionar kroner i 2023 og i 2024. Dette betyr til dømes kutt i kommunepsykologar og ungdomskonsulentar. Barnevernet skal og få mindre pengar. Den økonomiske situasjonen er vanskeleg, men vi må sikra innbyggjarane eit forsvarleg tilbod.

Skulane oppfyller ikkje lærarnorma i dag. Fleire born får ikkje den hjelpa dei treng og har krav på innan tidsfristane. Vi ser ei auke i psykiske plagar etter fleire år med pandemi, og blant born og unge. Kraftige kutt innan oppvekst har store konsekvensar, både menneskelege og samfunnsøkonomiske. Dette må vi unngå, og dei store kutta innan oppvekst må fjernast.

### Lærarnorma skal vere oppfylt for alle barn som går på skule i Bjørnafjorden.

Derfor har SV valt å auke overføringane til oppvekst med nesten 30 millionar kroner i 2023 og ytterlegare 21 millionar i 2024. Størstedelen av pengane går til å auke ramma slik at eininga sjølv kan avgjere kor pengane gjer mest nytte. I tillegg har SV sett av 2 millionar kroner til å oppfylle lærarnorma, 1,2 millionar til å behalde viktige MOT, 100 000 kroner til å starte opp att med prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs», 1,5 millionar til klassetur for 10.-klassingar, og brukt 1,5 millionar kroner på vidare frikjøp av fosterheim og bruk av statlege beredskapsheim. Dei andre satsingane innan oppvekst handlar om å hjelpe dei som treng det mest. SV ønsker å styrke miljøarbeid i skulane og vil bruke 4 millionar kroner på å få fleire miljørettleiarar og miljøterapeutar. Vi vil ha fleire helsesjukepleiarar i skulane våre og har sett av ein million kroner til dette.

Vi veit at behovet for psykisk helsehjelp har auka under og etter pandemien. Derfor har SV ikkje berre stoppa kuttet av ein stilling hos kommunepsykologen, men i tillegg auke posten med eit ekstra årsverk. Det same gjeld for ungdomskonsulentar, der og har SV valt å auke med eit ekstra årsverk heller enn å kutte. Då kan fleire born få hjelp på skulen og etter skuletid.

SVs viktigaste satsningar	Beløp (i tusen kroner)
Auka ramme i 2023	12 000
Auka ramme i 2024	21 650
Styrke miljøarbeid i skulane	4 000
Oppfylle lærarnorma	2 000
Ansette fleire kommunepsykologar	2 000
Ansette fleire ungdomskonsulentar	1 650
Beholde MOT	1 200
Klassetur 10. trinn	1 500
Meir frikjøp av fosterheim og bruk av beredskapsheim	1 500
Ansette fleire helsesjukepleiare	1 000
Ung Arena	300
Ungdomsskulegutatar som leikeressurs	100

## Helse og velferd

Det er mange i kommunen som er heilt avhengige av tenestene frå helse og velferd. Dei kraftige kuttane som kommunedirektøren foreslår i helse og velferd, vil ramme innbyggjarar i Bjørnafjorden kommune hardt. SV meiner vidare at mange av dei kuttane som er foreslått er urealistisk å gjennomføre på eitt år.

Sidan størstedelen av kuttane er tatt frå ramma vel SV å auke denne med 35 millionar kroner. Då kan sektoren bruka pengane der dei sjølv meiner behovet er størst. SV vil samstundes understreka at vi har ein heiltidskultur i kommunen. Skiftordningar som vanskeleggjer heiltid må unngåast.

Delar av Luranetunet er rekna som sjukeheim og resten som omsorgsbustader. Husleiga for omsorgsbustader er så høg at ein minstepensjonist vil ha svært lite pengar igjen kvar månad til nødvendige utgifter. SV har derfor prioritert å bruka 1,5 millionar kroner til å redusera husleiga for dei med slike bustader.

I tillegg ønsker SV å gjera kvardagen betre for dei som går på sosialstønad. Dei hadde allereie svært tronge budsjett å leva av, og i tillegg har prisane auka kraftig det siste året utan at sosialstønaden har auka tilsvarande. For å retta på dette har SV sett av 2 millionar kroner til å betre situasjonen for denne gruppa. SV har også sett av 200 000 kroner til å fjerne sosialstønad som lån, eit grep som blei innført i førre budsjett.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Auka rammeoverføring 2023	35 000
Redusere husleige i omsorgsbustader	1 500
Auka sosialhjelpssatsar	2 000
Fjerne sosialstønad som lån	200

## Kultur/Samfunnsutvikling

Vi meiner at kulturen gjev verdi og innhald i livet til alle oss som bur i kommunen. Eit variert og levande kulturliv har ei svært undervurdert førebyggjande helseeffekt. I dagens krevjande økonomiske situasjon har vi derfor funne rom for å auke overføringane med nesten 3 millionar kroner totalt, fordelt på tiltak me meiner vil bidra til eit variert kulturliv i kommunen.

SV har auka budsjettet til samferdsle med 2 millionar kroner for å sikre vegvedlikehald og god brøyting i heile kommunen. Vi har og auka budsjetta til eigedom/drift med 1,8 millionar kroner. Det er viktig for å hindre vidare forfall på kommunale eigedommar. Kuttet hos planavdelinga er reversert for å sikre at planarbeidet ikkje tar lengre tid enn i dag. Dette er viktig for å sikre utvikling i kommunen.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Styrke kulturskulen	300
Auka overføringar til Oseana	500
Planavdelingen	700
Tilrettelagt fritid	400
Samferdsel	2 000
Kultureininga	500
BUA	500
Skaparstovo	50
Eigedom – drift	1 800
Næringsrådet	-200

## Kommunal vikarsentral

Vikarbruken i kommunen er høg, både frå vikarbyrå og av «ringehjelp». Innleige frå vikarbyrå er ei dyr løysing, medan bruk av ringehjelp er tidkrevjande og fører til mykje deltidsarbeid. I mange høve brukar kommunen ufaglærte i roller der det burde ha vore kvalifisert personell.

SV ønskjer derfor å utvida den kommunale vikarsentralen slik at den dekkjer oppvekst i tillegg. Dei tilsette i vikarsentralen skal vera faste tilsette i fulle stillingar. Administrasjonen må vurdere kor mange årsverk som trengs for å dekke vanleg sjukefråvær i kvar stillingskategori og tilsetje det naudsynte talet vikarar. Vikarsentralen må jobba i fleire einingar enn helse og dei må dekke meir av korttidsfråværet, ikkje berre langtidsfråværet.

## Politisk møteverksemd

Løna til ordførar og varaordførar er for høg. Løna bør ikkje overstige 80 prosent av løna til ein stortingspolitikar. Likeins bør løna til varaordførar reduserast med 20 prosent, noko som vil gje ei innsparing på vel 200 000 kroner.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Redusere løn til ordførar og varaordførar	-200
Redusere formannskapetets disposisjonsfond	-400

Møtegodtgjersla til politikarane bør samsvare med arbeidsbøra. SV føreslår derfor å dele møtegodtgjersla opp etter kor lenge møta varar:

- Møter på under 2 timar gjer ei godtgjersle på 0,8 promille av stortingspolitikarløn.
- Møter på mellom 2 og 6 timar gjer ei godtgjersle på 1,2 promille av stortingspolitikarløn.
- Møter på meir enn 6 timar gjer ei godtgjersle på 1,6 promille av stortingspolitikarløn.

I tillegg til møtegodtgjersle skal kommunepolitikarar kompenseras for tap av løn medan dei er på møte, men vi meiner at maksrammene bør reduserast. SV foreslår å redusera maksvederlag for tapt arbeidsinntekt frå 4.000 til 3.000 kroner dagen.

Budsjettet er stramt, og då meiner SV at dei aller mest nødvendige oppgåvene og den daglege drifta av kommunen må ha føsteprioritet. SV har derfor budsjettert med ei reduksjon på 400 000 kroner i formannskapetets disposisjonsfond.

## Kyrkjeleg fellesråd

SV foreslår å kutte overføringane til kyrkja med 700 000 kroner i 2023 og ytterlegare 400 000 kroner i 2024. Kyrkja kan dessverre ikkje skjermast frå økonomiske kutt i dagens økonomiske situasjon.

Vidare ber SV om at det kommer opp ei sak om gravplassar i kommunen. Vi har ein sær sars dyr gravplasstruktur i dag, kommunen må vurdere om det er forsvarleg vidare.

## Eigedomsskatt

Slik utviklinga har vore i overføringar av midlar og oppgåver frå Staten til kommunane dei seinare åra, har fleire og fleire kommunar landa på det tunge valet å innføre eigedomsskatt. Dei langt fleste kommunar i landet har no innført eigedomsskatt. Bjørnafjorden skil seg ut som ein av svært få kommunar utan.

Kommunen er no i ein situasjon der det er umogleg å klara seg utan, noko dei dramatiske og urealistiske kutta til kommunedirektøren sitt budsjettforslag syner godt. Kommunen har midlar på fond som kan brukast til å saldera budsjettet dei neste fire åra, men desse pengane kan vi fort få behov for nettopp som ein buffer. SV ynskjer derfor eit langt lågare uttak frå fond enn det kommunedirektøren reknar med i sitt forslag.

Hushaldningar og bedrifter slit i dag med høg inflasjon, høge energiprisar og aukande rentenivå. Den økonomiske situasjonen er tung for mange. Derfor er det tvingande nødvendig at eigedomsskatten ikkje legg stein til børa for dei som allereie har det trøngt økonomisk.

Løysinga på dette er eit botnfrådrag på 500 000 kroner. I tillegg budsjetterer SV med å bruke 4,5 millionar kroner på ei kommunal barnetrygd og på ei stønadsordning for dei med dårleg råd. Målet med desse ordningane er å letta situasjonen for dei som elles ville ha vanskar med å betala eigedomsskatt.

SV sitt budsjett legg opp til at eigedomsskatten aukar med ein promille kvart år, fram til og med budsjettåret 2026.

## Investeringar

SV har ikkje gjort store endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar, men vi har kutta noko. Kvar million vi reduserer investeringane med frigjer rundt 60 000 kroner i driftsbudsjettet. Når driftsbudsjettet allereie er stramt, blir det særskilt viktig at kommunen ikkje gjer investeringar utover det som er strengt nødvendig. SV har derfor gjort nokre kutt i høve til kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Kommunetunet	-10 000
Bufellesskap	-9 800

SV ønskjer på sikt å rehabilitera kommunetunet i Eikelandsosen, men arealbehovet til kommunen er i dag dekt med dei lange leigeavtalene kommunen har inngått i Fjord'n senter. Derfor er rehabilitering av kommunetunet i Eikelandsosen teke ut av økonomiplanen. Posten vil komme inn att i budsjettåra 2027 eller 2028, då leigeavtalen for delar av arealet i Fjord'n senter går ut i 2029. I mellomtiden ønsker SV at delar av dei ekstra midlane som er sett av til eigedom – drift brukast på å ta vare på kommunetunet.

Kostnaden til bufellesskap på Søfteland er redusert med 9,8 millionar kroner i tråd med at kommunen har fått tilskot frå husbanken.

## Økonomiplan 2023 - 2026

I vår økonomiplan har vi teke omsyn til den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i. Vi har auka investeringane så lite som mogleg, og vi har klart å få budsjettet i balanse i 2026 utan bruk av fond, medan kommunedirektøren sitt budsjettforslag ikkje klarar seg utan bruk av fond i det heile. For å sikre gode tenester er det viktig at ein held fram med effektivisering og digitalisering der det er mogleg utan at det fører til dårlegare tenester.

Det er få nye element i vår økonomiplan i åra etter 2023 i høve til kommunedirektøren sin plan, utanom endringar i ramma til dei ulike einingane. Skaparstovo får litt ekstra i 2024 og kyrkjeleg fellestråd får ein liten reduksjon, resten er endringar i ramma.

SV har vald å auke bruken av fond dei første åra for å sikre at det ikkje må kuttast for mykje i dei åra vi treng for å auke eigedomsskatten. I tillegg meiner vi det er uforsvarleg og lite sannsynleg at ein klarar så store kutt innan helse og velferd som kommunedirektøren sitt budsjettframlegg legg opp til. Sjølv om vi brukar meir av fondet i vårt budsjett enn kva kommunedirektøren gjer, endar vi opp med å ikkje bruke fond siste året, medan kommunedirektørens budsjett framleis har ein fondsbruk på nesten 40 millionar kroner òg siste året. Med eit slik forbruk vil fondet vere tomt i løpet av 2027. Klarar ein ikkje kutta i 2023 vil fondet gå tomt endå tidlegare og vi vil høgst sannsynleg ikkje klare å auke inntektene nok til å unngå ein situasjon der vi har høgare utgifter enn inntekter utan eit fond til å dekkje underskotet.

**Det er viktig å sikre at kommunen klarar seg utan bruk av fond mot slutten av økonomiplanen, noko vårt budsjett gjer.**



	2023	2024	2025	2026
<b>Sentrale inntekter</b>				
Skatt på inntekt og formue	-884 043	-898 043	-908 043	-918 043
Ordinært rammetilskot	-799 696	-809 496	-814 496	-819 496
Eigedomsskatt	-26 000	-53 000	-81 000	-110 000
Andre generelle statstilskot	-56 428	-39 568	-28 946	-28 832
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-1 766 167</b>	<b>-1 800 107</b>	<b>-1 832 485</b>	<b>-1 876 371</b>
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>				
Frie inntektar og Finans				
Fellesområde	-53 572	-30 539	16 089	60 256
Stab	54 149	53 149	53 649	53 649
Oppvekst	772 774	764 891	757 586	753 386
Helse og velferd	710 835	703 077	696 077	691 077
Samfunnsutvikling	71 753	66 934	64 702	64 972
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>	<b>1 555 939</b>	<b>1 557 512</b>	<b>1 588 103</b>	<b>1 623 340</b>
Korr. finansutgifter i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. avsetningar i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområda	111 865	113 811	115 974	115 974
<b>Brutto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-98 363</b>	<b>-128 784</b>	<b>-128 408</b>	<b>-137 057</b>
Renteinntektar og utbytte	-10 000	-10 000	-10 000	-10 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	119 000	124 162	124 415	123 023
Avdrag på lån	107 661	108 890	110 405	110 446
Netto kalkulatoriske rentar (frå sjølvkost)	0	0	0	0
<b>Netto finansinntektar/finansutgifter</b>	<b>216 661</b>	<b>223 052</b>	<b>224 820</b>	<b>223 469</b>
Finansutgifter i tenesteområdene	0	0	0	0
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>216 661</b>	<b>223 052</b>	<b>224 820</b>	<b>223 469</b>
Motpost avskrivningar i tenesteområdene	-111 865	-113 811	-115 974	-115 974
<b>Netto resultat (KOSTRA)</b>	<b>6 433</b>	<b>-19 543</b>	<b>-19 562</b>	<b>-29 562</b>
Til ubundne avsetninger	16 067	18 543	18 562	28 562
Bruk av ubundne avsetninger	-23 500	0	0	0
Overført til investering	1 000	1 000	1 000	1 000
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
<b>Totale avsetninger</b>	<b>-6 433</b>	<b>19 543</b>	<b>19 562</b>	<b>29 562</b>
<b>Årsoverskot/underskot</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Verbalforslag

### Forslag 1:

#### Heiltidskultur

Kommunestyret ber om at snittlengda på vaktar tilsvarar ein full arbeidsdag der åpningstida gjer dette mogeleg. Kommunen jobbar aktivt med ein heiltidskultur, så å sørge for at arbeidsdagane er lange nok til at dette er mogeleg, er eit naturleg første steg.

### Forslag 2:

#### Gravplassar

Kommunestyret ber om ein sak om gravplasstruktur i kommune, fordi vi har ein særskild dyr struktur med mange gravplassar spreidd rundt i heile kommunen og vi må vurdere om det er forsvarleg sett i lys av den økonomiske situasjonen til kommunen.